



Årsmelding for friidretten i Hareid 2022

Sindre Grønmyr Rise

Eit nytt styre tek form

Friidrettsåret 2022 starta ikkje heilt slik vi hadde ønska, med tanke på at vi ikkje hadde leiar til årsmøtet i mars. Men etter at hovudstyret i idrettslaget tok eit initiativ til å skaffe ein ny leiar, sa Geir Sæther ja til å ta leiinga frå 5. mai. Etter kvart kom også resten av styret på plass, og var som følgjande:

Leiar: Geir Sæther.

Styremedlem: Jan Endre Rise

Styremedlem: Julianne Flø.

Styremedlem: Odd Erling Eriksen.

Styremedlem: Anna Klara Måseide.

Oppmann: Sindre Grønmyr Rise.

Gjennom sesongen har vi også hatt eit stort og godt trenarapparat, som består av følgjande folk:

Eldstegruppa: Arill Larsen, Daniel Slettebakk, Roy Kenneth Husøy.

Mellomgruppa: Elisabeth Grimstad Kirkebø, Tor Egil Rise, Torsten Nytun, Thomas Dalsøren.

Yngstegruppa: Odd Erling Norheim Eriksen, Tobias Glockel, Ina Velsvik Aschehoug, Inger Smidesang Holstad, Cathrin Elvanes.

Den aller viktigaste oppgåva til styret i år, ved sidan av den daglege drifta, var å få arrangert eit friidrettsstemne på Hareid stadion igjen. Etter fleire år utan stemne, følte mange at det burde vere arrangert eit jubileumsåret. Nokre var skeptiske til at det kunne gjennomførast, men som det heiter i Lillehammer-OL-mottoet: Dei sa vi ikkje kunne gjere det – Så gjorde vi det.

21. august gjekk Hadarleikane av stabelen, og over hundre deltagarar boltra seg på det fine friidrettsanlegget vårt. Det var kaotisk til tider, men når alt var vel i hamn gav arrangementet meirsmak og alle var samde om å gjere det igjen neste år. Over 40 frivillige av foreldre, trenrarar og friidretten sine vennar på Hareid stilte opp, i tillegg til kyndig hjelp frå Dimna sine beste folk. To av dei som var med på å stifte Hadarleikane på 70-talet, Øystein Johansen og Olav Sindre Rise var igjen involvert no, nesten femti år seinare, som høvesvis speaker og stemneleiar. Midt oppe i alt stresset var der ei gruppe på ni ukrainske flyktningar som også deltok i stemnet, og som var ei konstant påminning om at det som måtte gå gale den dagen, ikkje var så viktig i den store samanhengen.

I samband med Hadarleikane fekk også stadion seg ei ansiktsløfting med trimming av banene, reparering av kuleringen og luking av ugras. I tillegg byrja også arbeidet med planane for neste års stemne, med bestilling av utstyr vi manglar, og spesielt ny sand til lengdegropene. I tillegg vart vi klar over kor få krinsdommarar vi hadde i klubben, så fleire melde seg no frivillig til dommarkurs, slik at vi er betre skodd til neste sesong.

Eit anna arbeid som vart påbegynt var planane om å utvide den kombinerte speaker-, kiosk- og utstyrshuset. Så er planlagd å få ei ny etasje til neste sesong.

Sportslege aktivitetar

På aktivitetsfronten starta året som alle andre år, med at vi kåra vinnaren av vinterkarusellen i Grimstadvatnet rundt. Der vann Peter Vattøy Nygjerde seniorklassa for herrar, medan vi ikkje hadde nok deltarar til å kåre ein vinnar i seniorklassa for damer. Sett frå eit rekrutteringsperspektiv, var nok tredje løpet det beste, der det stilte ein heil haug frå yngste og mellomste gruppa i friidretten.

5. februar deltok Borghild Oline Holstad i innandørs-NM på 200m, som i år gjekk i Ulsteinhallen, og sette ny pers med 25,63, men gjekk ut i forsøksheatet.

Tidleg i mars var det klar for Innandørs-UM i Steinkjer. Dit sende vi fire utøvarar, Borghild, Peter Olav Pilskog Bitocchi, Anna Maria Kostaris og Ane Rise Brandal. Desse fire skulle gjennom sesongen utgjere den harde kjerne av topptsatsinga vår. Peter vart nr. 5 på 60m, medan Borghild vart nr. 4. Ho tok og femteplass i lengde. Dagen etter vart det sølv til Borghild på 200m, medan Peter tok bronse på same distansen.

Til KM innandørs i Ulsteinhallen, seint i mars, stilte Hareid 42 deltarar. I tillegg stilte foreldre opp som funksjonærar begge dagane i både lengde og hekk. Som vanleg kom utøvarane tilbake med ein haug medaljar og krets mestertitlar: Idar Noah Åsmo i kule G-11, Maximillian Hansen Bjørlykke på 60m G-12, Peter Olav Pilskog Bitocchi på 60m og 200m G-16, Eskil Bjørlykke Naustenget på 800m og 1500m G-16, Emilie Brune Slettebakk på 200m J-12, Synne Selvåg Larsen på 60m, lengde og 200m J-13, Borghild Oline Holstad på 60m, 200m og lengde J-16, Leander Jonsrud Rise i lengde G-12, Anna Maria Kostaris på 200m og i tresteg J-15, og Ane Rise Brandal i høgde J-15. I tillegg er det svært stas at vi hadde med ein veteran deltarar for første gang på mange år. Øystein Orten sprang 60m på imponerande 9,55 i eit år han fyller 60. Fleire personlege rekordar vart det og. Mellom andre Synne Selvåg Larsen som passerte den magiske 1000-poengsgrensa på Tyrvingtabellen med sin pers på spesialdistansen 200m. Ane Rise Brandal flytta vidare på klubbrekorden i høgde og er no berre nokre cm frå NM-kravet.

Ut på reise

Midt i april reiste fire av våre håpefulle til Alicante på kretsen sin treningsleir, til sommar, sol og varme. Desse var Peter, Borghild, Eskil Naustenget Bjørlykke og Even Djupvik Korsnes.

I starten av juni stilte Hareid med 15 utøvarar til KM i friidrett i Molde. Ein sur vind innover stadion, i eit elles fint ver, ført til ein sterkt med vind og mange gode tider. Litt for sterkt viste det seg, for å verte godkjend, men mange medaljar vart det. Ane Rise Brandal sette ny klubbrekord i høgde, då ho flytta sin eigen rekord opp til 1,60, og nærmar seg med det NM-kravet for senior. Borghild Oline Holstad og Peter Olav Pilskog Bitocchi var begge tilbake frå skade, og raka med seg fleire krets mesterskap. Men også Oline Krokeide, Anna Maria Kostaris og Synne Selvåg Larsen tok fleire KM-gull. Sistnemnde sprang inn til sterke 27,09 på 200 meter i J13. På same distanse sprang Peter Olav Pilskog Bitocchi 22,92, noko som hadde slått Audun Garshol sin G16-rekord frå 1967, hadde det ikkje vore for sterkt med vind.

I midten av juni reiste ei stor gruppe til Veidekkeleikane på Lillehammer. I tillegg til Borghild, Anna Maria, Peter, Ane, deltok også Erle og Tiril Grimstad Kirkebø, Sofie og Malin Flø Husøy, Hedda og Synne Selvåg Larsen, Oline Krokeide, og Even Djupvik Korsnes. Eit anna viktig tilskot til troppa var femåringen Sander Selvåg Larsen, som allereie er

friidrettsgruppa sin store maskot og gledesspreiar, og som hadde barnevakt døgnet rundt under leikane. Under stemnet vann Borghild 100 og 200m, Peter 200m, Anne høgde, Anna Maria vann 400m, Synne vann lengde, og Hedda vann 200m.

Slutten av sommarferien vart også hektisk. Anna Maria og Ane reiste til Norgeslekene i Ullensaker tidleg i august, der det vart sølv for Anna Maria og bronse for Ane i lengde, og ny pers på 300m hekk for Anna. Helga etter var det UM i Trondheim der Peter tok sølv på 100m, og bronse på 200m, Borghild sølv på 200m, bronse på 100m og 8. plass i lengde, Ane tok sølv i høgde, medan Anna Maria deltok på 300m hekk. Dette var helga før vi arrangerte Hadarleikane sjølv.

Haustsesongen

I slutten av august reiste tre utøvarar til Junior-NM i Bærum. Borghild kom til finalen på både 100m og 200m, og var nær medalje på den første. Peter hevda seg same distansane, og kom nesten til finalen på 100m. Anna Maria utfordra junioreliten på 400m og i tresteg. Alle tre mellom dei yngste i klassa U20. Hareid har etterkvart etablert seg som den nest største friidrettsklubben i fylket etter Dimna.

I september møtte utøvarane frå Møre og Romsdal, Trøndelagsfylka og dei tre nordlegaste fylka til fylkeskonkurranse på Lerøy-leikane i Måndalen. Møre og Romsdal vann konkurransen med god hjelp frå Hareid sine utøvarar, og Malin Flø Husøy fekk med seg heim ei spesiell utmerking frå leikane. Ho vart av Møre og Romsdal-troppa kåra til «Årets gla'laks». Ein pris for positiv innstilling og «fair play».

22. oktober arrangerte klubben det tradisjonsrike Snipsøyrvatnet rundt, der Lars-Martin Melheim vann på 41:09, og Johanne Wessel vann dameklassa på 48:17. Same helg fekk Borghild tildelt ungdommens kulturpris på Hareidsstemna.

Gjennom sesongen har vi også deltatt i mange mindre lokale stemner, mellom anna to gongar i Ørsta, på Aksla og elles to treniningstemner i Ulsteinvik i Dimna sin regi. På desse stemna har vi møtt med store tropper, ofte opp i mot 50 deltakarar. I Ørsta vart det spesielt nemnd at speaker at Hareid stiller med heile 50 denne dagen, berre to mindre enn arrangørklubben. Dette er vi veldig stolte av, minst like mykje som at vi etter kvart har fleire utøvarar som held landsnivå i sine idrettar.

Året slutta, som for alle andre idrettsgreinene i klubben, med hundreårsjubileumsfesten der friidrettsgruppa stilte med mange, og der spesielt to av våre verkelege veteranar, Kåre Oksavik og Audun Garshol, mimra tilbake til tida då idrettslaget var berre halvparten så gammalt. Året markerte for øvrig også 50 år sidan sistnemnde deltok i OL i München. Audun delte også ut prisen, som vart oppretta i 1997, til den som kunne slå hans klubbrekordar på 100m og 200m. Den gjekk noko forseinka til Arill Larsen som i 1994 sprang på 10,66 på 100m, og som gjennom moderne konvertingsreglar frå manuell til elektronisk tidtaking, vert rekna av Audun til å vere ei tangering av hans tid.

Nye rekordar

Følgjande kom seg inn på Topp 10 lista i klubben gjennom alle tider i løpet av sesongen, eventuelt betra plassen sin på lista (plassering på lista framst):

Menn:

60m	2. Peter Olav Pilskog Bitocchi	7.33
100m	3. Peter Olav Pilskog Bitocchi	11.03
200m	3. Peter Olav Pilskog Bitocchi	22.56

Kvinner:

60m	1. Borghild Oline Holstad	7.96
60m	6. Synne Selvåg Larsen	8.45
100m	1. Borghild Oline Holstad	12.51
100m	7. Synne Selvåg Larsen	13.13
200m	1. Borghild Oline Holstad	25.34
200m	4. Synne Selvåg Larsen	26.75
400m	10. Anna Maria Kostaris	1:02.87
Høgde	1. Ane Rise Brandal	1.60
Tresteg	5. Anna Maria Kostaris	10.46

Følgjande slo aldersbeste klubbrekordar i si klasse denne sesongen.

Gutar:

G16 60m	Peter Olav Pilskog Bitocchi	7.33
G16 100m	Peter Olav Pilskog Bitocchi	11.03
G16 200m	Peter Olav Pilskog Bitocchi	22.56

Jenter

J16 60m	Borghild Oline Holstad	7.96
J16 100m	Borghild Oline Holstad	12.51
J16 200m	Borghild Oline Holstad	25.34
J16 60m hekk	Borghild Oline Holstad	9.16
J15 300m hekk	Anna Maria Kostaris	51.15
J15 Høgde	Ane Rise Brandal	1.60
J15 Tresteg	Anna Maria Kostaris	10.46
J15 Slegge 3 kg	Anna Maria Kostaris	24.97
J13 100m	Synne Selvåg Larsen	13.13
J13 200m	Synne Selvåg Larsen	26.75
J13 Lengde	Synne Selvåg Larsen	4.87
J12 60m hekk	Erle Grimstad Kirkebø	11.35

Geir Sæther

Geir Sæther

Odd E. N. Eriksen

Odd Erling N. Eriksen